

Himmel og Hav

17. juni 2016 · Haavebua



Legend

Frå arkivet

2016 Himmel & Hav

DROPS OF GREEN

Men det blir sjølvstekt ingen musikkfest i Florø utan også eit irsk innslag. I år kjem eit heilt nytt band i Florø-samanheng, nemleg Drops of Green frå Dublin. Kvartetten blei skipa i 2014, og har dei siste 11 månadene turnert USA, med spelejobbar mellom anna i New York, Las Vegas og Boston. I skrivande stund spelar dei konsertar i Tyskland, og 17. juni er det på plass for første gong i kystbyen.

Bandet består av Lee Campion, Ross Hennessy, James Ring og Sean Kearney, og dei listar opp artistar som The Pogues, Mumford & Sons og The Clancy Brother som inspirasjonskjelder. Bandet blir å høyre både på Haavebua og ute i gata i løpet av Himmel & Hav-helga

Drops of Green er ein irsk kvartett som har gjort seg bemerkta i heimlandet sidan oppstarten i 2014. juni. (Pressefoto) LEGEND: Besøket av Birmingham-bandet Legend i 2014 blei så godt motteke av publikum, at Florø rockeklubb har invitert reggae-bandet på nytt besøk i år.

Du kjem ikkje nærmare Bob Marley & The Wailers enn dette. Stemninga dei skapte både i Strandgata og på Haavebua for to år sidan var heilt magisk! seier den utslørte reggae-frelste Per Vidar Ottesen i rockeklubben.

Reggaebandet Legend frå Birmingham besøkte Florø for første gong i 2014. (Foto: Ø. Bang-Olsen)

Kreolsk gryte: Men rockeklubben prøver seg også på ein litt annan folk-sjanger i år.

- Vi er spente på kva Cajun Gumbo har å by på. Med dei på plass har vi eit ganske fargerikt program, der roots- og folkemusikkrøtene står sentralt, seier Ottesen. Felles jamsession?

Som namnet indikerer, handlar dette om den såkalla cajun-musikken, ein stilart som hadde sitt utspring på 1800-talet blant fransk-kanadiske settlarar, og som seinare blei smelta saman med verdsrytmar frå den kreolske smeltedigelen lengre sør i statar som Louisiana og Texas. Cajunmusikken har hatt sterk påverknad på den amerikanske populærmusikken, på same måte som bluesen og countrymusikken har gjort det.

Bandet Cajun Gumbo byr på cajun/zydeco-musikk i norsk innpakning. (Foto: (Pressefoto))



Cajun Gumbo



Drops og Green



HEILE ARKIVET
Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 8.